

Konsesjons- og heimfallskraft: Sogndal kommune har 65 GWh i heimsfalls- og konsesjonskraft, men inntektene avheng av oppnådd kraftpris. Grunna svært låge marknadsforventingar per fjerde kvartal 2020 reduserte vi budsjetterte netto kraftinntekter til 3 mill. kroner for 2021. Her la vi til grunn ein kraftpris på 20 øre/KWt. Ein kald og tørr januar-månad ga høg januar-pris og har bidratt til å løfte forventninga for resten av 2021. Per no forventar marknaden ein kraftpris på vel 30 øre/KWt. Om gjennomsnittleg kraftpris blir 30 øre/KWt kan netto kraftinntekter bli om lag 3,5 mill. kroner høgare enn det som no er budsjettert. Det er betydeleg usikkerheit knytt til prognosa.

Finansforvaltning: I løpet av 2020 auka forvaltningskapitalen med 5,6 mill. kroner og per 31.12.2020 var verdien 105,2 mill. kroner. For 2021-budsjettet er det budsjettert med ei avkastning på 3,5 mill. kroner. I januar 2021 auka forvaltningskapitalen med 1,1 mill. kroner til 106,2 mill. kroner. Vi er dermed på god veg til å nå budsjettert avkastning, men som fjoråret viste kan verdien svinge betydeleg.

Meir om finansforvaltning: 35 prosent av portefølja er plassert i aksjar (skal ikkje overstige 40 prosent iht. Finans- og gjeldsreglementet), medan 65 prosent er plassert i rentebærande papir. Sistnemnte svingar mindre og har lågare risikoprofil, men også lågare forventa avkastning. Til tross eit positivt resultat året sett over eitt i 2020, svinga verdien betydeleg i løpet av året. Det kraftige fallet i mars blei først henta inn igjen på slutten av året med god særleg god avkastning på aksjane i november og desember. DNB forvaltar portefølja til Sogndal kommune og investerar kapitalen i samsvar med retningslinjene til Folketrygdfondet og Statens Pensjonsfond utland. Dette følgjer av finans- og gjeldsreglementet til Sogndal kommune.